



ALUTEC AS
Espen Aspenes
Industriveien 43
5210 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/446 - 14/1271

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
07.02.2014

Godkjenning - Løyve til utlegging av flytebrygger - Skjelanger båthamn - Gbnr 55/12

Saka er handsama administrativt etter delegert mynde frå kommunestyret.

Saksutgreiing:

Skjellanger Båtforening, representert ved ansvarleg søkar Alutec AS, har søkt om å utlegging av flytebrygger i etablert småbåthamn på Skjellanger. Søknaden er registrert motteken i kommunen 13.12.2013, og gjeld erstatning av gamle bryggerekker A og B med to nye bryggerekker. Det er opplyst at brygge A vil få en total lengde på 28 m + landgang på 1x6 m. Brygge B vil få total lengde på 30 m + landgang på 1x6 m.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 1.10.2013. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare nabovarsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter plan- og bygningslova § 21-3.

Det er motteke tre nabomerknader i saka.

1. Merknad frå Arvid Smedsvik, eigar av gnr 55 bnr 9.

Smedsvik har ikkje merknader til sjølve tiltaket, men vil som grunneigar på staden ikkje tillate prosjektet før dei får garantert en båtplass av minimum 3 m bredde i anlegget ved behov i framtida. Grunngevinga er at dei som grunneigar i området har rett til å bruke sjølina på staden, som opplystast å vere i felleseige mellom bruk på staden, mellom annen bruk nr 9.

Tiltakshavar har i kommentar til merknaden vist til at det på Skjelanger ikkje var mogleg å ligge med båt på 30 fot før båtforeininga vart stifta, dette som følge av tørrlagd fjøre ved

lavvann. Dei opplyser at alle naboar og grunneigarar har høve til å melde seg inn i båtforeininga.

2. Merknad frå Bernt K. Skjelanger, eigar av gnr 55 bnr 12.

Bernt K. Skjelanger opplyser at han har naust og bryggje aust for flytebryggene og må passera mellom Sjøholmen og enden av flytebryggene for å koma inn og ut av hamna. Han vil ikkje akseptera mindre avstand til land 9,8 og 11 meter, som er situasjonen med dagens flytebrygger. Dette for å ha tilstrekkeleg manøvreringsrom for å kunne ta ein båt på inntil 30 fot inn til brygge og naust på eigen eigedom.

Tiltakshavar har i kommentar til merknaden vist til at det vert tilstrekkeleg manøvreringssone med dei nye flytebryggene, og at avstand mellom brygge A og land på Sjøholmen og søyle på grunne vert på høvesvis 13 m og 10,9 m.

3. Merknad frå Kari Sundal, eigar av gnr 55 bnr 20.

Kari Sundal opplyser at bnr 20 ikkje har merknader til tiltaket slik det er nabovarsla, men på den føresetnad at utliggar nærast naust og slipp på bnr 20 ikkje vert til hinder for bruk av slippet og at det også i framtida er mogleg for henne å ha liggande minst ein båt på innsida av bryggeanlegget.

Tiltakshavar har i kommentar til merknaden opplyst at båtforeininga ikkje ønskjer å vere til hinder for nausteigarane innanfor moloen, og difor har byggemeldt brygge A med 1 m kortare utliggar enn dagens brygge. Båtforeininga opplyser vidare at dei ikkje er kjend med kva rettar Kari Sundal har innanfor moloen.

Vedtak frå Bergen Omland Havnevesen:

Ved vedtak av 18.12.2013 gav Bergen Omland Havnevesen løyve til å legge ut flytebrygger som omsøkt i medhald av havne- og farvannsloven § 27 første ledd. I vedtaket skriv havnevesenet:

«Det gis tillatelse til å legge ut flytebrygge A og B med mål og plassering, som vist på vedlagt stemplet kart og godkjent tegning, med forbehold om reell avstand på minimum 10,9 meter fra flytebrygge A til Sjøholmen, samt minimum 10,8 meter fra flytebrygge A til søyle på grunne, på gnr-bnr 55-12, Meland kommune».

Vurdering:

Planstatus, nabomerknader og vilkår satt i tidlegare gitt løyve:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som småbåthamn. Tiltaket er i samsvar med arealføremålet på staden.

Administrasjonen finn at nabomerknadene i saka er ivareteke ved utføring av tiltaket slik det er søkt om, som òg er i samsvar med godkjenning frå Bergen Omland Havnevesen. Arvid Smedvik sitt

krav om garanti for framtidig båt plass vert vurdert som eit privatrettsleg krav som kommunen ikkje kan ta stilling til, jf pbl § 21-6.

I samband med søknadshandsaminga har administrasjonen vurdert om tidlegare gitt løyve hadde vilkår som ikkje er oppfylt før det no vert søkt om endring.

Det vart av Planutvalet i Meland kommune gjeve løyve til etablering av småbåthamn med flytebrygger og molo på Skjelanger ved vedtak av 30.7.2001.

I Planutvalet sitt vedtaket vart det satt følgjande vilkår:

- Det skal leggjast ned rør i moloen, på det smalaste punktet, for å sikre tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming til leirevja i vest. Dette skal gjerast i samråd med kommunen.

Cand. Real. Inge Aarseth føretok i 2011 ein geologisk vurdering av tilhøva ved småbåthamna på Skjelanger, for å undersøke om etablering av hamna hadde ført til skade på tidevassflata og strandenga nord for hamna. I rapporten dagsett 29.10.2011, konkluderte Aarseth slik:

«Utbygginga av hamna i Skjelanger har ikkje medført vesentlege endringar i det naturlege miljøet på Evjo nord for hamna. Om ein ynskjer endå større sirkulasjon vil det beste vera å utvida utløpet nord for Småsjoholmen ved å sprengja mindre svaberg som stikk opp i innløpet, (til venstre og høgre for personen på Fig. 9). Ein treng ikkje gjera det djupare. Om en ynskjer større sirkulasjon i den nordlege delen, slik at området her og fell tørt ved fjære sjø bør ein laga ei lita opning i steinmuren over til Reveneset (Fig. 3). I Nordafjæro vil ei betre «organisering» av blokkene langs stranda redusera bølgeerosjonen i strandsona. For å hindra erosjon på nordsida av leirmoloen bør det leggjast stein i leirskrånninga i flomålet. Denne leirmoloen bør tilplantast med gras etter at det er fylt på matjord.»

I høve til vilkåret om å leggje rør i moloen, uttalte Aarseth følgjande:

«Forslaget om å leggja røyr gjennom moloen er nemnd tidlegare. Båtlaget som disponerar hamna er og skeptiske til dette då dei er redd for at silt og leire vil verta transportert inn i hamna slik at ho vert grunnare. Sidan konklusjonen syner at det er god utskifting av vatnet i dag er det ikkje naudsynt med nye røyr gjennom denne moloen».

På bakgrunn av desse konklusjonane finn administrasjonen ikkje grunn til å halde ved vilkåret om røyr gjennom moloen, og det er ikkje aktuelt å krevje vilkåret oppfylt før godkjenning av omsøkt tiltak.

Då det ikkje har vore søkt om eller gjeve ferdigattest for tiltaka omfatta av søknaden i 2001, stiller administrasjonen vilkår om at det vert sendt inn naudsynt «sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse» frå tiltakshavar eller ansvarleg søkar, jf pbl § 21-10.

Plassering av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 13.12.2013.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til utlegging av nye flytebrygger i Skjellanger småbåthamn i samsvar med situasjonskart og teikningar stempla godkjend 7.1.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1. Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sende inn sluttdokumentasjon i samsvar med plan- og bygningslova § 29-10. Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Alutec AS, org.nr. 941935400	S	PRO: Prosjektering av marinaanlegg/flytebrygger og kontroll av prosjektering (tkl 1) UTF: Montering og forankring av marinaanlegg/flytebrygger og kontroll av montering/utlegging (tkl 1)

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggesak

Kopi til:

Skjellanger Båtforening

Paradisvegen 43 5210

OS